

Referat frå styremøte tysdag 07. april 2015 kl. 12.00 – 17.00 Møtet vart halde på Fossberg Hotell, Lom

Deltakarar: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg, Tore Krogsveen, Ellen M. Syse og Pål Kjorstad.

I tillegg møtte Berit Gutubø, Helene Svare, Torkjel Solbakken, Liv Mona Johnsgard og Else Mona Bjørnstad frå styra i lokallaga i Vågå, Lom og Skjåk.

Sak 20/2015: Referatsaker

Referat frå styremøte 19/02 2015 vart godkjent.

Referat frå årsmøte i OSG 14/02 2015 vart gjennomgått og følgjande saker frå møtet vart konkretiserte:

Sak om radioaktivitet (9d) vart vedteke sendt til Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag. Desse vert samstundes oppmoda om å sende dei vidare til sine landslag. I tillegg sender vi saka til NSG for å oppmode dei om å samordna innspellet vårt med Norges Bondelag og Norges Bonde- og Småbrukarlag, og senda det til NILF.

Sak om klipping/sal av skinn (9e og f) sendes til Ull- og kipperådet i NSG. I tillegg vart klippekurs dette året diskutert og oppfølging/rekruttering av klippere. Helene Svare lanserte ei løysning der nyutdanna klippere kunne få vera med/følgjast opp av etablerte/rutinerte klippere som ei fadderordning.

Uttala frå årsmøtet skal sendast til rovviltnemnda, fylkestinget, Fylkesmannen i Oppland, Klima- og Miljøminister Sundtoft og Miljødirektoratet.

Landsmøte i NSG 18.- og 19/03 2015. Arnfinn og Pål orienterte om sakene.

Referat frå møte med Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag på Lillehammer 23/03 2015 der Arnfinn og Pål deltok. 3 brev er sendt og lagt ut på nettet om rovviltforvaltning, tema var 3 familiegrupper av gaupe i Gudbrandsdalen, for mykje jerv i Oppland og regime på uttak av ulv i vår.

Medlemsutvikling. Her logga vi oss inn på «minside» og såg at mange enda ikkje hadde betalt kontingensten for 2015. Vi har pr. mail og heimesida oppfordra lokallaga til å ta tak i saka.

Stubrudsaka: Vi har fått nytt brev frå advokat med anmodning om å betale honorar for Stubrud. Styret i OSG ser ikkje at dette har noko for seg, da vi alt nå har gjort meir enn det vi sannsynleg har hatt plikt til å gjera i saka.

Årsmøta i Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag: Arnfinn Beito deltok og refererte frå møta. Han presiserte at desse årsmøta til dels hadde stor avstand i forhold til årsmøtet vårt med rovviltrelaterte saker.

Sak 21/2015: Innbedne lokallag får ordet:

Vågå v/Berit Gutubø:

Bekymra for jerven og særleg ynglinga i Jøndalen «baki Svolte». Baud SNO hjelpt til utgraving av jervhi da dei hadde hørt at SNO tykte dette var både vanskeleg, slitsamt og farleg arbeid. Men dei fekk nei til svar.

Lom v/Torkjel Solbakken:

Sette spørsmålsteikn om dagens soner og utfordra styret i OSG på kva dei meinte i saka.

Arnfinn meinte at det ikkje var storleiken på sona som var årsaken til den store jervbestanden,

men manglande forvaltning, les uttak, i heile fylket. Torkjel meinte vidare at dagens sone førte til at enkeltområder får for stor byrde med jervstamma. Han stilte spørsmål om kvifor vi ikkje fekk vita alt SNO fann i jervregistreringa si fortløpande. Han meinte at det var funne såpass mykje spor at det var mistanke om jervyngling i Gokkeldalen. Han var kritisk til SNO og ressursbruken, da det faktisk som regel var reinsgjetarar som fann hia til jerven for SNO. Han utfordra OSG med å ta snarleg kontakt med FM i Oppland for at dei kan sjekka med SNO for å konkretisera bestandsstatusen for jerven og pressa på for fleire hi-uttak. Stilte spørsmålsteikn til bruken av FKT-midlar i forhold til bruk til planlagt tidleg sinking. Sidsel Røhnebæk vart kontakta og kunne fortelja at kommunane Lesja, Dovre, Skjåk, Lom og Vågå hadde fått frie midlar til dette formålet i 2014 på om lag 2-300.000 samla. FKT-potten var den same som i fjor, og samla søknadssum frå kommunar og beitelag var på 8-9 millionar kr. I møtet var det stor einigheit om at vi var i mot planlagt tidleg sinking for at midlane skal kunne verta brukt i områder med akutt behov. Ved akutt tidleg sinking måtte alle nabobeitebrukarar/beitelag få rask beskjed. Torkjel meinte at dersom han skulle seia kva sone han gjekk for med jerv og gaupe, så ville han at heile fylket skulle vera sone for både artane.

Skjåk: Frykt for neste beitesesong i forhold til jerv og noko til gaupe. Meinte at ein laut ty til akutt tidleg sinking dersom situasjonen vart som i fjor. Var sterkt kritisk til SNO, som ikkje «sa eit kvekk» til beitenæringa, men berre informerte oppover i sitt eiga system. SNO må fortelja beitenæringa alt dei veit om rovviltbestandane slik at beitenæringa er meir førebudde. Samstundes rosa ho lokale rovvilkontaktar for framifrå arbeid.

Sak 22/2015: Rovvilsaker

Møte med faglaga på Lillehammer 23/03 2015, sjå referatsaker. Fellesbreva, som vart skrive med utgangspunkt i møtet, er lagt ut på heimesida under artikkelen freda rovvilt. Arnfinn informerte om at Marit Arnstad, leiar i SP, kjem til Valdres med det fyrste, og at han hadde avtale med å møta henne der. Samstundes skulle han, som òg nemnt i møtet på Lillehammer, ta for seg den planlagde nedlegginga av Bioforsk på Løken.

I saka vart mange sider av denne saka teke opp, slik som erstatningsforskriftene, der tema som sauekontrollen, kodemerking og veterinærattest vart nemnt. Det vart vidare nemnt koriktig det er at alle står saman, og at ikkje minst alle uttaler vert sendt felles frå regioner, frå faglaga, etc.

I breva frå OSG og faglaga var intensjonen at tamreinnæringa i Oppland skulle vera med, men leiinga der var ikkje budd på å stå saman med oss.

Sak 23/2015: Gjetarhundsaker:

Nytt frå NM-komitèen: Anne Kari orienterte frå førre møtet i NM-komitèen den 23/03 der rollene/ansvarsområda for dei enkelte i komitèen vart bestemt. Tor Romsås vart vald som leder. Banen, hotellet og dommarar er på plass. OSG skal støtta arrangementet med hjelp til koordinering av arbeidet med programmet, og sjølve trykkinga av det skal OSG betala.

Sak 24/2015: Avlssaker:

Landsomfattande møte i spælsauavlen der Pål deltok. Han orienterte litt frå møtet og beklaga at det enda ikkje hadde kome ut noko referat frå møtet. Spælmøtet hadde eit stort fleirtal som tykte at kvaliteten på spællulla var viktig, og det vart vedteke at avlsrådet skulle setja inn kvaliteten på ulla inn som ein ny delindeks. Diverre var dei 2 leiande ringane med Nagelhus og Heggseth i spissen ueinige i dette.

Sak 25/2015: Geitesaker:

Tore orienterte om at kje-slaktinga hadde gått fint og at han på neste møte kunne leggja fram nokre tal om dette. Lokalt heime meinte han at dei hadde hatt eit overskot på kr. 300,- pr. kje. Vi må setja eit større trykk på Tine for at dei også i framtida vil arbeida med produktutvikling i foredlinga av geitemjølka. OSG vil òg ta kontakt med Tine og få ei meir stabil avtale med Tine angåande sponsing/reklame i årsmeldinga.

Sak 26/2015: Sponsor avtale:

OSG vil bestemma seg for nye sponsoravtalar. Vi har i dag 3 faste annonsørar på heimesida utan avtale, men med avtale om betaling for fornying kvart år. Dette er Strand Unikorn, Fjøssystemer og Nortura. Nortura har kome med forslag til ny sponsoravtale med sum og faste punkt. I denne samanhengen har òg Furuseth AS kome med forslag til kva dei kan sponsa med.

Styret diskuterte dette vel og lenge og kom fram til at Tore Krogsvæn saman med Bjørn Even Stenberg skulle få i oppgåve å forhandla vidare med aktørane fram mot neste styremøte i juni. Nortura vil sponse med kr. 25.000,- pr. år og vera åleine av slakteria om heimesida. Furuseth vil sponse med kr. 30,- pr. medlem mot at dei får annonsera på heimesida, i årsmeldinga og i tillegg få taletid på årsmøte/seminaret. Styret vedtok at alle 4 slakteria, Nortura, Furuseth, Nordfjordkjøtt og Fatland får anledning til eit 15 minutt innlegg på neste års seminar i samband med årsmøtet i OSG. Styret hella i retning av at heimesida vår hadde annonsepllass til 4 aktørar på heimesida. Dei meinte òg at plassen kunne verta sett opp til kr. 7000,- pr. år. Styret meinte at forhandlarane burde pressa Nortura opp i kr. 35.000,- pr. år. Ettersom forhandlingane går så vil desse aktørane vera aktuelle for den 4. plassen eller i alle fall for reklamepllass i årsmeldinga: Furuseth, Tine, Felleskjøpet, Osid, Fron Traktorservice, Norgesfôr, Findmysheep, Telespor, Nessemaskin, Nordfjordkjøtt, Fatland, Moen Bjøllefabrikk og Fron Sparebank. Styret vil òg at alle aktuelle aktørar nå vert spurt og avtalt med aktuell reklame i årsmeldinga. Her vil plassen kosta kr. 5000,- for heilside og kr. 2500 for halvside. For alle aktørar vil det vera ein fordel og setja opp standardavtalar.

Sak 27/2015: Elektronisk overvakning:

Vi har fått signal om at vi kan venta å få kr. 200.000,- i FKT-midlar og kr. 200.000,- av midlane av tilskot til tiltak i beiteområder til innkjøp av elektronisk utstyr. Det er tinga 300 nye radiobjøller, og det vert vurdert om vi har råd til å kjøpe inn nokre nye enheter av findmysheep. Styret vedtok at Oppland Radiobjøllelag kan låna opptil kr. 200.000 av fylkelagskontoen til Oppland Sau og Geit dersom det vert nødvendig. I korte periodar i april/mai kan kasserar låna av kontoar OSG disponerer.

Sak 28/2015: Eventuelt:

Neste styremøte er planlagt midt i juni eingong. Vi har ståande tilbod om eit fellesmøte med styret i Møre og Romsdal Sau og Geit, noko som da kan verta i Åndalsnes eller på Bjarli.

Kveldsmøte med tema rovvilt/ny beitesesong og elektronisk overvakning kl. 19.00.

På kveldsmøtet møtte det om lag 11 frå Skjåk, 18 frå Lom og 5 frå Vågå i tillegg til styret. Tore og Ellen reiste heim etter styremøte. På kveldsmøtet hadde Pål først eit foredrag om elektronisk overvakning, og deretter innleidde og styrte Arnfinn med tema rovviltforvaltning og ny beitesesong til kl. 22.00.

Kommentarar i stikkordform frå møtet:

Ein burde ikkje ha soneinndeling – små områder får alt presset
Problemet er manglande forvaltning – oppbygging av ein stor jervbestand
Politikarane har skulda
Redd det vert slutt på beitenæringa innan 10 år
Dersom jerven har vorte forvalta ned på bestandsmålet har alt vorte så mykje betre
Kommunale fellingslag utøver heiderleg innsats, fellingsløyva vert gjeve, men ingen resultat
Kan ikkje basere forvaltninga på skadefelling, må gjera dette om vinteren med hjelpemiddel
Bestanden av jerv er ute av kontroll
Helikopter over Sogn, jaga 2 jervar over til Oppland, her var det ikkje fellingsløyve
La SNO overta både lisensjakta og skadefellingsjakta
1 million kosta skadefellingsløyva i fjor, kva med å bruka 1 million om vinteren i staden?
I vinter er det fleire jervspor enn nokon gong
Naturmangfaldslova styrer i for stor grad jussen, lovendring må til for å sikra beiteinteressene
Prioritering av hi-uttak dersom det vert gjeve skadefellingsløyve; Utanom sona: N-Fron vest
mot Langsua og Øyer mot Ringebu. Innanfor sona: Jøndalen og Mysubytta
La Oppland bli eit forsøksfylke/region utan fastsette soner
Kutt ut heile bestandsmålet for jerv i Oppland
La FM gje skotpremie på kr. 50.000,- pr. jerv, da vil det kosta 1 million å ta ut dyra over
bestandsmålet, og da vil det kanskje verta attraktivt nok til at dei faktisk vert teke ut.

Lom, 7/4 2015, Pål Kjorstad, sekretær